

MEVI 100 – Tilbakemelding frå studentar (dei skreiv gruppevis ned på ein lapp dei bretta saman, og leverte på slutten av seminaret)

Fått tilbakemelding på at studentane er fornøgde med forelesningane, men at det til tider har vore litt tekniske problem med lyden. Dei synest det har vore dyktige forelesarar, men at det til tider blir litt mykje power point. Somme synes også at forelesningssalen i på uphol har vore for varm, og dårlig klima.

Dei gir uttrykk for å vere fornøgd med seminarmodellen, og synest det har vore nyttig for å få betre oversikt over pensum. Nokon synest det er bra at dette er eit obligatorisk opplegg, og synest det er ein god samanheng mellom forelesning og seminar. Har og fått tilbakemelding på at det er positivt med gruppearbeid på seminara, men enkelte saknar meir variasjon i opplegget. Studentane har gitt tilbakemelding på at seminara har vore ein stad dei tørr å spørje om ting, og dei gjev uttrykk for at dei føler seg trygge på å snakke i gruppene -sjølv om dei er usikre på noko. Det som går igjen som eit minus, er at det er for lite tid på seminara med berre 45 min.

Mine eigne tankar : Studentane har vist seg å vere engasjerte, og dei fleste har delteke aktivt i diskusjon/oppgåve løysing. Litt for lite tid på seminara. Opplegget med oppgåvene har fungert veldig godt, men det er ofte for lite tid til å gå gjennom oppgåvene på slutten. Ei løysing på dette er at seminara blir lengre, eller at den obligatoriske framføringa blir kutta ut og at ein heller leverer ein kort tekst. Eg føler ofte at eg ikkje har fått gitt dei den hjelpa eg ønskjer, fordi tida har gått i frå oss.

-Liv Kristin